



## Ny ungdomsarbeider

Møt vår nye ungdomsarbeider Ivar Stensland.

Side 8



## Nøtteliten barnehage

Bli betre kjent med barnehagen som er stifta av Os sokneråd og Søfteland indremisjon .

Side 4



Alpha

## Bli med på Alpha

Bli med på Alpha. Os kyrkjelyd og Norkirken inviterer til Alphakurs i haust

Side 10



Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

#### REDAKSJON:

Linda Ekerhovd og kyrkjestaben.

#### ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os  
Besøksadresse: Øyro 49

#### UTGJEVAR: Os sokneråd

#### ANSVARLEG REDAKTØR:

Linda Ekerhovd

#### LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:

Birgit Tarlebø

#### FORSIDEFOTO:

Sylvi Lundgren

**TRYKK:** Molvik Grafisk

**OPPLAG:** 8.800 stk

#### OS SOKNERÅD:

Postboks 209 - 5202 Os

#### LEIAR:

Bente Brøvig Strømme

**OS KYRKJE:** Tlf. 56 57 24 00

#### KYRKJEKONTORET I OS:

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.

E-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)

Kontortid: måndag-fredag kl.09-14

#### YNSKJER DU Å ANNONSERE I KYRKJEBLADET?

Ta kontakt på tlf. 56 57 24 00 eller e-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)

#### BLADKONTINGENT

Kr 200 pr.år / kr 250,- for utanbygds  
Bankgiro: 3201.53.26254  
Postboks 209, 5209 Os  
Vipps: 20250 merk "bladpenga"  
E-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)

## Se, jeg gjør noe nytt!

*Jeg vet ikke hvordan det er med dere denne sommeren og forberedelser til en ny høst. Men i min verden, heime på gården og med sommerferien bak meg, så har jeg et blanda forhold til denne høsten med tanke på hvordan høsten skal bli.*

Det har vært et langt år siden sist sommer, og de fleste av oss har gang på gang blitt skuffa over nye restriksjoner, endring i arbeidsforhold, tap av motivasjon, konsentrasjon, savn av familie og venner som vi ikke har kunnet være med som før. Noen har blitt syke, andre vært redde og angstfulle for å bli det, kanskje så mye at det har lammet handlingsrommet i hverdagen.

I fjor hadde endel av oss et håp om at ting skulle iallefall bedre seg på nyåret med lovnader om vaksine. Nok en gang skulle ting endre seg. Og for de av oss som ikke er superoptimistisk anlagt – all takknemlighet for de som er det, og som vi andre har mye å lære av, – vi som heller prøver å forberede oss på det ukjente med en viss grad av realisme, så kan de oppmuntrende ordene fra trøsteprofeten Jesaja mottas med en viss form for skeptisk realisme. «Se jeg gjør noe nytt».

Kan vi våge å tro dette, midt i det uvisse? Kan vi våge å planlegge for en ny høst der vi kan treffes i friere rammer? Har denne underlige «dvaletid» i vår verden, i vår kirke faktisk skapt grunnlag for ny vekst - for at noe nytt vokser fram ut ifra en lang og kald vinter? Lages det vei i ørkenen?

Vi mennesker er ganske fasinerte og imponerende. For gang på gang ser vi mennesker rundt oss reise seg etter rystelser, snur seg om for å gjøre det beste ut av situasjonene, snubler i livets steiner, finner styrke eller hjelp hos andre til å stable seg på beina igjen. Dette har vi også sett i denne verdens Koronatilværelse. Sammen har vi klart mye bra midt i en slags sosial ørkentid. Og sammen kan vi også løfte blikket opp til Vår Far i himmelen, søke han for denne tid, og ha en forventning til han som har skapt oss

og som kjenner oss, både våre styrker og svakheter. For han vet jo hvordan vi er skapt, og han har stor omsorg for oss. Det er jo bare det at vi mennesker innimellom har så veldig dårlig tid, og kan forholde oss til tida som noe hastig, og vår tålmodighet blir prøvd.

Nå kan ikke jeg skryte av noen ferdigheter i landbruk som nygift bondekåne, men som et vanlig menneske fasineres jeg over at ved hver eneste vår skjuler den kalde døde vinteren et enormt skaperverk. Års hjulet vårt gir oss ny skapelse hver eneste vår – også når vintrene er ekstra lange og kalde som det var i vinter. Gud vår skaper har ikke sluttet å skape, han opprettholder livet for oss den dag i dag. Og jeg tror denne korona tida som virker uendelig lang og kald, og som vi fortsatt ikke er helt sikre på er over ennå, skjuler en ny skapelse. Gud er vår gode Gud som gjennom mørke tider og i tøffe stunder skaper nytt håp og lys. Må Gud hjelpe oss å se livet som skjuler seg som små spirer i denne tid, både for oss som enkeltmenneske og oss som felleskap, som bygd og som storkommune. Vi har evnen i oss til å reise oss igjen, lære av det som har møtt oss, og stå sammen i å bygge et bedre felleskap her vi lever. Vi kan med glede og takknemlighet se tilbake på de generasjoner som bygde Norge opp etter krigen. Noe nytt ble skapt.

La oss derfor sette vårt håp til Gud, til han som skaper nye ting, og vil velsigne oss alle. La oss bygge gode veier der han leder oss.

*«Se jeg skaper noe nytt. Nå spirer det fram. Merker dere det ikke? Ja, jeg legger vei i ørkenen, elver i ødemarken»* jes. 43, 19

**Anette-Emilie Gangstø**  
KAPELLAN I OS SOKN



# Glimt frå sommaren

## SKAPINGSDAGANE


Endeleg! Igjen kunne vi invitere 1. og 2. klassinger til skapande dagar her i kyrkjelyden! Vi tok imot 48 barn, i tre dagar. Nye vennskap er blitt skapt, ungdommar har fått jobbe, og vi vaksne går frå Skapingsdagane med eit fullt hjarte! Tusen takk til alle involverte, og til de foreldre som sendte barna hit.

## SPEIDARENS SOMMARSKULE

Eventyrsommar - ein slags speidarleir. Sommarskule arrangert av 1. Os KFUK-KFUM-speidarane i Kuvågen i uke 25 og 26. Det var 57 deltakarar, 8 patruljeførarar og 5 vaksne.

## SPRÅKKAFEEN SIN SOMMARSKULE

I veke 25 arrangerte språkkafeen sommarskulen «Saman i sommar på sjø og land». Det vart fiskeing, matlaging, dans, søm, kanopadling, bading, tid til å prate saman, gode måltid og tur til Seletun.







# Nøtteliten barnehage

I Moldmyro på Søfteland ligg Nøtteliten barnehage med 5 avdelinger - ein populær barnehage som i mange år har hatt ventelister fordi ikkje alle som søker kan få plass i barnehagen. I statlige foreldreundersøkingar skårer barnehagen betre enn snittet både i Bjørnafjorden og landet ellers.

Barnehagen er ei ideell stifting, noke som mellom anna betyr at alt eventuelt overskudd blir igjen i barnehagen til utvikling av denne.

Stiftelsen Nøtteliten barnehage er stifta av Os sokneråd og Søfteland indremisjon, og er den einaste barnehage med særleg formål i Os. Vi ønskjer at den kristne trus- og kulturarv skal først vidare. Dersom våre barn skal kunna møte eit samfunn der ein finn eit mangfald av religionar og verdiar, er det viktig at dei er trygge og kjende med dei verdiar vi har hatt og utvikla gjennom meir enn 1000 år i vår historie.

## Barnet som spør

Barn stiller spørsmål. Barn er av natur nysgjerrige og undrande, og dei møter verden med eksistensielle spørsmål om korleis alt heng saman. Spørsmåla er ein måte å orientere seg i livet på, læra å samhandla med dei rundt seg, i tilværa og komme seg eit skritt vidare på livsvegen.

Det religiøse området er eit av fleire utviklingsområder i eit barns liv. Barnet har rett på eit oppvekstmiljø som dekkjer flest mulige sider av ved eit menneskeliv, også det religiøse. Slik styrkar vi barnets identitet. Det at vi søker etter å finne svar

er ein naturleg del av oss som menneske. Når vi lager rom for barnets tankar og eksistensielle spørsmål, så tar vi på alvor at barn skal få vera heile mennesker.

Målet er ikkje at barnet skal bli kristent eller religiøst, men vi trur at barnet allereie har dette med seg. Vi ønskjer å legge til rette for at dette skal bli ein del av kvardagen. For å unngå bastante påstandar, er det nyttig – og viktig – og ha ei haldning som er prega av undring i møte med borna.

I samarbeidet mellom barnehagen og kyrkja får barna delta på «påskevandring» i kyrkja, «julegudsteneste» og andre kristne samlingar i barnehagen. Vi legg vekt på undring, læring gjennom kropp og sansar, og det å få lov å møte fortellingar med eigne erfaringar. Vi lagar rom for å skapa eigen tru i møte med kristne tradisjonar, fortellingar, sangar og smakar. Ved å la borna få bli kjent med kyrkjerommet legg vi til rette for nettopp dette.

Det samarbeidet kyrkja har med Nøtteliten barnehagen gjev og frukter som andre barnehager kan dra nytte av. Os kyrkje inviterer og andre barnehagar til julegudsteneste og påskevandring.

## Her er det godt å vere

Barnehagen sin visjon er: «Ein herleg stad på jord for liten og for stor». Det er personalet som omsettar visjonen vår til praksis. Saman skal vi skapa ein god stad å vere, med vår veremåte i møte med andre. Foreldre bekrefter at her er det godt å vere. Vi håper barnas erfaringar vil påverke deira haldningar og handlingar i møte med medmennesker.

## Det kristne innhaldet i barnehagen kjem til uttrykk gjennom:

- Besøk i kyrkja og bedehuset
- I dagsrytmen ved t.d. bordvers for måltida
- Samlingsstunder
- Spontane situasjonar der barna sjølv reiser spørsmål eller på annan måte viser at dei er opptatt av eit emne
- Vi feirar dei kristne høgtidene

Det er viktig å presisera at vi formidlar ein respektfull haldning om tanke- og religionsfridom. Alle barn har rett til å tru og tenka på det dei sjølv ønske, og å bli respektert for det. Vi har barn med ulike religionar i barnegruppene, og då er det naturleg å fokusera på variasjonar innanfor religions- og livssynsretningar, og snakke respektfullt om andre livssyn.





Denne erfaringa og kunnskapen er verdifull for barnet å ta med seg vidare i samfunnet.

Nøtteliten er i tillegg til dette ein heilt vanleg barnehage. Vi har og eit variert og rikt barnehagetilbud i likhet med andre barnehager, til dømes tilvenning i vatn i Vindalsvatnet, førskulegruppa og vårt miljøarbeid. Språkreisene våre er noko nytt og derfor gøy å dela med dykk her. Kanskje har du sett våre flotte nye el-syklar på tur? Kvar sykkel med plass til ein vaksen og fire barn. Dette gjev moglegheit til turar i nærområdet der ein samtalar om det dei ser på vegen. Dette er språktraining, men for barna er det berre spennande og gøy. Vi jobbar med å vidareutvikla omgrepsforståing og ordforrådet gjennom direkte opplevingar og erfaringar på turane.

Her deler vi nokre bilde frå kvardagen vår. Fleire innblikk kan de sjå på dei digitale løysingane våre [www.nottelitenbarnehage.no](http://www.nottelitenbarnehage.no) Facebook og Instagram.

**Ingvild Vevle Chyba**  
NØTTELITEN BARNEHAGE

**Gro Helen B. Skjælaaen**  
OS KYRKJELYD

## Føremiddagstreff

**For ein del år sidan, hadde vi noko vi kalla «Føremiddagstreff» i Nore Neset kyrkje. Og frå hausten vil vi starta opp att med desse treff for seniorar.**

Vi trur at mange vil kunna ha glede av å koma saman på denne måten. Mange har kanskje vore med i «Senior-Koinonia» i kyrkjetunet, og vi skal sjølvstundt unngå kollisjonar her. Føremiddagstreffa blir på tysdagar. Første samling vert tysdag 14.september kl.11.30 i Nore Neset kyrkje.

Dei andre datoane i haust er: 28. sept., 12. og 26. okt., 9., 23. nov., 14. des. Alle samlingane startar kl. 11.30

*Velkomne!*



### KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

**PM Sælen & Co AS**

Tlf. 56 30 44 90

**JERNIA**  
[www.jernia.no](http://www.jernia.no)

**OS HAGESERVICE**   
alt innen hage

**Vi lager hageplan, murer, legger stein, lager plen og planter busker og trær.**

56 57 66 77 99 00 80 80  
[www.oshageservice.no](http://www.oshageservice.no)





# Hva skjer hausten 2021

## Familiekoret ShubaDubs

Annankvar torsdag i Storsalen, kl 17.30 – 19.30. Oppstart 9. september. Koret er for familie med born mellom 2,5 -5 år (før 1. klasse).

Oversikt over øvingsdatoar får dokke ved oppstart. På denne aktiviteten er det viktig å ha meldt seg på. Det vert fort fullt!

Facebook-gruppe: *Shubadubs*

## TUNET barnekor

Går du i 1- 4 klasse og har lyst til å synge i kor? Øving annankvar torsdag i Spegelen og Eldstova i TUNET kl. 17.30 – 18.45. Oppstart 26. august.

TUNET barnekor er drive av Os kyrkjelyd, og organisert i KFUK/ KFUM. Kontingenten for å vera medlem i TUNET barnekor er 200,- i semesteret. Faktura kjem på e-post etter påmelding.

Facebook-gruppe: *TUNET barnekor*

## TWEENSING

Kvar onsdag kl.18.00-19.30 i Os kyrkje.Oppstart 1. september.

Påmelding via <https://kyrkja.no/os TweenSing>. Facebookgruppe: *TweenSing Os/NoreNeset*

## Barnesamlingar

Alle born har rett til å høyre om Jesus!

Os kyrkjelyd ønskjer å fortelje om Jesus til borna. Vi har barnesamling/ søndagsskule om lag kvar søndag, anten i Os kyrkje, eller i Nore neset kyrkje. Det er inga påmelding til denne aktiviteten. Før kvar barnesamling vert det annonsert på Facebook-gruppa.

Facebook-gruppe: *Barnesamling i Os*

## Aldri Åleine

Er du blitt litt stor til søndagsskule/barnesamling?

Søndag 19. sep kl. 18-19.30 blir det «Aldri åleine» i Kyrkjetunet. Dette er eit tilbod for dei som går på mellomtrinnet (10-14år). Her skal vi bli betre kjende med Jesus, og med kvarandre. Vi skal leika, og kosa oss med god mat. I etterkant av fyste samling vert det ei samling for foreldre og føresette.

Vel møtt!

Datorar som er satt opp i haust

- 19. September
- 24. Oktober
- 21. November
- 12. Desember

## Fredagstaco

Månadens mest trivelege fredagsettermiddag startar klokka 17.00 i Os kyrkje, til felles samling, song og leik.

Etterpå går vi bort i Tunet. Der kan ein delta i aktivitetar ein måtte ønskje; brettspel, legobygging, formingsaktivitetar, hjelpe til med matlaging/oppkutting til taco, prøve instrument i kyrkja, eller frileik på kyrkjeplatnen.

Til slutt et vi sjølvsagt taco i lag i Eldstova (Tunet) fram til kl 19.00. Ungdomane i familien kan ofte gå vidare på Undoms-KRIK trening på skulen om dei vil.

Betaling skjer ved oppmøte og er kr.25,- for born og kr.50,- for vaksne, eller kr.125,- for familie. Vi har VIPPS.

I den offentlege gruppa på Facebook (FB) blir det lagt ut info om datoar og andre viktige beskjedar. Påmelding kan også skje til [post@os.kyrkja.no](mailto:post@os.kyrkja.no). Vi vil svært gjerne ha påmeldinga så tidleg som mogleg for å handle inn matvarer.

Denne aktiviteten må vi ha Corona restriksjonar på. Ved smitte i kommunen kan vi ikkje gjennomføre. Men følg med på FB om arrangementet går som planlagt.

Haustens datoar er:

24. september, 22. oktober og 26. november.

Påmelding skjer til [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)

Facebookgruppe: *Fredagstaco i Os kyrkjelyd*





## FamilieWeekend på Branøy 8-10 Oktober

FamilieKRIK har opplegg gjennom helga for alle aldersgrupper. På FamilieWeekend er det familiar med med barn i alle aldrer. Frå 0-18 år.

Brandøy er ein flott leirplass med rom med egne bad, får servert alle måltid, har samlingar med song og andakt og aktivitetar for heile familien.

Det er flotte uteområder på Brandøy, med fotballbane, leikeplass, klatrevegg, basketbane, badestrand og frisbeegolf for å nemne noko. Ungdommane bur i egne hytter på området. Vi har god kapasitet, så vi oppmodar familiar om å bli med.

**Følg med på FB sida til FamilieKRIK OS**

## KRIK

**KRIK OS er eit aktivitetstilbod for unge her i OS. Vi held til i OS Aktiv og har trening kvar fredag kl.18.30-20.00.**

Alle frå 7.klasse til 3.vgs er hjarteleg velkommen. Du treng ingenting for å vere med. På treningane driv vi med ulike aktivitetar som, fotball, volleyball, frisbee og mykje meir. Vi har også ei lita andakt under treninga.

**Kom og bli med!**

# Trosopplæring hausten 2021

## Babysang

På babysang, møtast føresette med babyen sin. Vi syng, dansar med babyen og et lunsj saman. Kom og bli med. Sjå heimeside for påmelding.

### Os, i Tunet på onsdagar:

- 25. august
- 1., 8., 15., 22. og 29. september
- 6., 20. og 27. oktober
- 3. november

### Nore Neset, i Nore Neset kyrkje, på torsdagar

- 26. august
- 2., 9., 16., 23. og 30. september
- 7., 21. og 28. oktober
- 4. november

## 3 års adventskalender

3 åringane blir invitert til og få adventskalender og høyre om juleevangeliet. Vi lagar også ei fin stjerne til og ta med heim. Dette blir i starten på november. Brev kjem i posten.

## 4 års bok

Det blir utdeling av 4 års bøker som vanleg, i Os kyrkje, 26. september og i Nore Neset kyrkje 17. oktober.





# Ny ungdomsarbeidar

Tekst: Linda Ekerhovd

Os kyrkjelyd har fått ein ny ungdomsarbeidar, etter at Lars Joar Hilleren har byrja som gravplassarbeidar i same organisasjon. Måndag 9. september tok Ivar Stensland over stafettpippen som ungdomsarbeidar.

Lat oss bli litt betre kjent med han.

## 1. Kven er du?

Eg heiter Ivar Stensland, 31 år og kjem frå Blomsterdalen. Eg har dei siste åra jobba i ei forsamling og hatt tenesta mi der saman med kona mi og våre 3 flotte barn. Ungdom og kyrkjelydsutvikling har vore ein viktig del av jobben min. Eg har leidd ungdomsarbeid over ein periode på 10 år og har forhåpentlegvis ein del erfaring som kan komma til nytte.

## 2. Kvifor søkte du på stillinga som ungdomsarbeidar i Os kyrkjelyd?

Eg ønskte meg nye utfordringar og ungdommar er noko som ligg meg på hjartet. Når eg fekk moglegheita til å jobba tett med dei var jobbtilbodet ein «no-brainer». Det er eit stort privilegium å få gå saman med dei i tru og liv, og dessutan den delen av livet som er utfordrande. Eg håper at eg kan få bidra til ei god forteljing for ungdom og lokalsamfunn.

## 3. Du har god erfaring med ungdomsarbeid og konfirmantar frå tidlegare jobb i kyrkjelyd – kva tar du med deg frå det? Har du noko planar eller ønsker for ungdomsarbeidet i Os kyrkjelyd?

Erfaringa mi er at vi jobbar med generasjonprestasjon. Det er mykje forventningar frå ulike instansar. Eg håper at vi kan bygga ein kultur og eit arbeid der ungdommar får veksa i tempoet sitt. Vi gir generelt ofte uttrykk for at vi treng hjelp til oppgåver eller anna, men spør vi nokon gong ungdommar dette spørsmålet? Kva kan vi gjera for dykk? Eg håper at vi kan stilla dette spørsmålet og leva opp til svaret og forventningane. Eg tenker heilskap i alt eg gjer meg, så eg håper at meg, staben og ungdommane kan bygga eit heilskapleg ungdomsarbeid som dreg i same retning.

Til slutt håper eg at ungdommane ikkje berre tenker på kyrkja som ein stad dei held si tid til, men som heimen sin.

**Velkomen til oss, Ivar.  
Vi gleder oss til fortsetjinga!**



## Møt vår sosiale medium rådgjevar!

Vi er så heldig å ha Martin Bakke Slaatsveen med i staben i år. Han skal hjelpa oss til å bli betre på kommunikasjon via sosiale medium. Følg oss på våre sosiale medium:

### Aktivitetar for ungdom:

Facebook: Ungdomstunet  
Instagram: ungdomstunet  
Nettside: ungdomstunet.net

### Trosopplæring og andre aktivitetar:

Facebook: Os kyrkjelyd  
Instagram: oskyrkjelyd  
Nettside: kyrkja.no/os

**Tunet Kyrkje- og kultursenter på Facebook:** Tunet Kyrkje- og kultursenter



## JOIN US TEN SING

**Join Us Ten Sing er ungdomskoret i Os kyrkjelyd.**

Men du treng ikkje vera nokon »gullstrupe« for å vera med - denne gjengen driv både med drama, dans, band og lyd/lysteknikk i tillegg. Øvingane er kvar onsdag klokka 18.30-21.00 i Tunet Kyrkje- og kultursenter. Join Us er for deg mellom 13-18.

**Velkomen med!**





## Salme 254

## For solglans over land og hav vi takker deg, vår far

*For solglans over land og hav vi takker deg, vår Far.  
For duften som du engen gav, vi takker deg, vår Far  
For alle blomsters glød og prakt,  
for skogen i dens grønne drakt  
og fuglens sang i morgenvakt, vi takker deg, vår Far.*

*For trær som frukt og skygge gir, vi takker deg, vår Far.  
For alt du skapte, alt vi ser, vi takker deg, vår Far.  
For daglig omsorg som vi får,  
for faderhender som oss når,  
for hjelp og verge hvor vi går, vi takker deg, vår Far.*

*For Jesus som til jord kom ned, vi takker deg, vår Far.  
For Jesu rike kjærlighet for takker deg, vår Far.  
For ham, vår frelser og vår venn,  
som for oss all gav seg hen  
og kommer til oss snart igjen, vi takker deg, vår Far.*

Denne hausttakkesalmen er ein amerikansk søndagsskulesong frå 1894. Teksten kom til Noreg via ei svensk oversetjing av Oscar Lövgren, «För solglans över land och hav». Melodien er komponert av E.R. Bailey som var baptistpastor og sto sentralt i søndagsskulerørsla i England.



**Andrew Paul  
Holman**  
KANTOR

## Velkommen til salmekveld med Eyvind Skeie

Søndag 17.oktober kl 20 i Os Kyrkje

Skeie har dikta 7 nye flotte salmar. Dette er eit kjempefint høve til å møte ein av våre store salmediktarar. I samband med Eyvind Skeie salmekveld startar vi eit prosjektkor. Øvingar startar tysdag den 7. september kl 18-19.30 i TUNET.

**Send meg ein e-post om du ønskjer å delta.  
Andrew, ah292@kyrkja.no**

# Frykt ikkje!

Litt frykt i livet er sunt. Frykt held oss på tå hev, og gjer oss klar for fight or flight, som det heiter på godt norsk. Frykta gjer oss klar for farar som truar, og fortel oss kva som er smartast: ta opp kampen eller stikke av.

Men frykta kan og ta overhand. Ho kan lamme oss, eller ta så stor plass i livet at det blir liten plass til andre ting, som tru. Ikkje minst når vi møter det ukjende kan frykta få litt for stor plass. Det siste halvtanna året har eg blitt lei av å skriva og snakka om koronaviruset, og alle konsekvensar det har fått for samfunnet, og for ein skild menneske. Eg er møkk lei av ord og uttrykk som kohort, raudt nivå og gult nivå. Eg er trøyt av det grøne lyset som blinkar foran der ein stad i ei diffus framtid. Og eg blir redd. Eg kjenner frykt. Frykt over at vi aldri kjem til å sitja nærare kvarandre en ein meter. Redd for eg aldri meir kan gå på konsert, sitja nærare sidemannen på gudsteneste enn ein meter eller aldri få reise til mitt kjære England att. For alt i alt er korona framleis ein ukjend faktor for oss.

Når Jesus held sin avskjedstale til læresveinane ifølgje Johannesevangeliet førebur han dei på eit liv der han ikkje vil vere fysisk til stades hos dei. Det er ein vanskeleg og ukjend tanke for læresveinane. I tre år har dei vandra med Jesus. Dei har sett undra han gjord. Dei har høyr talane hans. Dei har fått undervisning direkte frå han. At han ikkje skal vera der er ikkje til å tru. Dei blir redde og forvirra over at Jesus snakkar om at han skal gå frå dei. Dei skjønna ikkje kva Jesus meinte då han sa at han skulle gå og gjere i stand ein stad for dei. Det er då Jesus seier: *Fred etterlét eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måta som verda gjer det. Lat ikkje hjartet dykkar uroast, og ver ikkje motlause!* (Joh 14, 27)

Læresveinane skulle gå inn i noko nytt. Men dei fekk med seg lovnaden om at dei ikkje var åleine. På same måten går vi no inn i noko nytt. I eit og eit halvt år har konona prega liva våre. Sjølv om det i skrivande stund er stigande smitte, så skal vi likevel gå inn i noko nytt når det etter kvart kjem ei gjenopning. Det kan virka skummelt og utrygt. Samtidig skal vi og i dette ta med oss lovnaden om at Gud er med oss. Kanskje treng vi å få høyra det same som Israelfolket fekk høyre frå profeten Jesaja: Frykt ikkje, for eg er med deg, ver ikkje redd, for eg er din Gud. Eg gjer deg sterk og hjelper deg og held deg oppe med mi rettferds høgre hand. (Jes 41,10) Så kan vi møta ei ny tid i trua på at vi kan leggja all frykt hos Jesus og få kvile i at han er med oss og ber oss i hendene sine.

## Roar Hallesby Evjedal

SOKNEPREST





# Velkommen til Alpha i haust

Alpha

## Kva er Alpha?

Alpha er ein serie med samlingar som bidrar til å oppdage kva kristen tru handlar om.

## Kven er det for?

Alpha er for alle som er litt nysgjerrige. Undervisninga legg opp til samtaler i etterkant der ein saman kan utforske det grunnleggande i den kristne trua. Det heile

er venleg, ope og uformelt. Ingen spørsmål er upassande og du kan delta i samtalen så mykje eller lite du vil.

## Korleis er programmet?

Alpha går over ti kveldar og ein laurdag formiddag. Kvar samling begynner med eit enkelt måltid. Deretter undervisning i plenum og samtaler i grupper der du kan sei det du meiner.

Samlingane blir annankvar måndag utover hausten på kveldstid i Tunet.

Oppstart: Måndag 13.sept kl.19 i Tunet kyrkje- og kultursenter.

Arr: Os kyrkjelyd og Norkirken Os

## MILJØ - MØTEPLASS - MISJON!

# NMS Gjenbruk Os er 10 år

Etter at ei gruppe med stort hjarte for misjon frå Os kyrkjelyd hadde arbeidd med saka ei tid, kunne NMS Gjenbruk Os 11.september 2011 opna døra i Irisgarden for første gang. Eit storhende i bygda med ordførar til stades, og folk strøymde til for å handla.

Då butikken starta, var gjenbruk som system litt i startfasen i Os. No – etter 10 år – kan vi trygt seia at å kjøpa brukt er blitt «stovereint». Stadig fleire ser nytta av å bruka ting opp att. Det som den eine ikkje treng lenger, vert til nytte for ein annan.

Vi er heldige som kvar veke får masse varer inn til butikken frå folk som har hatt

oppdydding, frå nokon som skal flytta, frå dødsbu, og i blant kjem det inn uopna gåver som ikkje passar hos mottakaren, Vareutvalet spennar breitt; møblar, leiker, bøker, glas, bilete, dukar, smykke, lamper, kjøkkenreiskap, einskilde antikvitatar blanda med heilt moderne saker. Det er ikkje sjeldan at kundar utbryter: FOR ein spanande butikk! Kan hende kan vi skryta på oss det breiaste vareutvalet av butikkane i Os?

Møteplass- Miljø -Misjon er visjonen for NMS sine 50 gjenbruksbutikker rundt i landet.

Vi vil vera ein MØTEPLASS der kundar og tilsette skal bli sett og verdsett, og bortsett

frå no i coronatida, skal kaffien alltid stå klar. Gjenbruk er satsing på MILJØ – gode ting skal nyttast, ikkje kastast! Og det som kundar betalar for varene, går til MISJON. Det heile gjennomsyra av GLEDE: Glede over å gi bort det ein sjølv ikkje lenger treng, glede over å finna ting ein treng, glede over å få vera medarbeidar i arbeidet!

Jubileet skal feirast helga 18.-19.september med gode tilbod i butikken og med fest for noverande og tidlegare medarbeidarar.

Av: Lill-Karin Wallem

## Vil du bli medarbeidar i NMS Gjenbruk i Os?

Vi treng fleire medarbeidarar. Liker du å møta menneske, har du nokre timar til overs kvar eller annakvar veke, ønskjer du å vera med i ein triveleg fellesskap? Då er du velkommen til å ta kontakt med styreleiar **Eirik Norheim, tlf. 97191921** eller med ein av medarbeidarane i butikken!



## TITT - Torsdag i Tunet

Møtestart kl 20:00 og det blir enkel kveldsmat og musikk.

**Torsdag 30. september:**  
«Kyrkjelyden etter pandemien – blir alt som før?»

**Torsdag 28. oktober.**  
Informasjon om tema kjem.

**Torsdag 25. november.**  
Informasjon om tema kjem.

## Strikk til Tunet

«Strikk til Tunet» startar opp onsdag 1. september kl 12:00.

Ta med deg lunsj-pakke, vi serverer kaffi. Gamle og nye «Strikkarar» er hjarteleg velkommen til eit sosialt og hyggeleg treff der vi forbereder basar til Tunet.

Staden er «Kafeen» i Tunet Kyrkje- og kultursenter.

## SeniorKoinonia

Kl. 11:30 - 14:00 i Eldstova på Tunet:

- Torsdag 2. september
- Torsdag 16. september
- Torsdag 30. september
- Torsdag 14. oktober
- Torsdag 28. oktober
- Torsdag 11. november
- Torsdag 25. november
- Torsdag 9. desember

## Konsert i Nore Neset Kyrkje

Fredag 17. september kl. 19. Medverkande: Martha Berit Belt (piano) og Grethe Inger Berge (song)

«Ein bodskap – mange uttrykk» Klassisk, spirituals, salmar, jazz.... Billetter: kr.150,-

## Misjonsmesse 2021

Laurdag 30. oktober håper vi å kunne arrangere Misjonsmesse 2021.

Form og innhald på messa vert tilpassa gjeldande smittevernråd. Sett av dagen, nærmereinformasjon kjem på kyrkjelyden si heimeside og i lokalavisa.

Helsing Messekomiteen for Felles-foreningen for Det norske misjonsselskap.

## Storsamling for alle

Torsdagar ein gang i mnd. for alle kl. 17-19. Oppstart 16. September. Storsamling: Enkelt opplegg for samtale og eventuelt andre program som Kleskarusell, vaflar ol. (95335651 eller ah292@kyrkja.no)

## Språkkafeen

Drop-in språkkafe for ungdom: Enkelt måltid, prat, og mogleg til å gjere leksar. Open kvar torsdag 14.30-17.00. Oppstart 16. September. Eige opplegg i haustferien tysdag onsdag og torsdag i veke 41.

## Orgelklubb

Ein orgelklubb for barn i alderen 9-14 startar i oktober.

Kan du spela piano? Då kan du sikkert spela orgel. Du må kunne lese noter. Ta med songar du kjenner. Oppstart laurdag 2. oktober på orgelgalleriet i Os kyrkje kl 10-12.

Ta kontakt med kantor Andrew (95335651 eller ah292@kyrkja.no)

## Bibelhistoriekveld i Tunet

Vi friskar opp bibelhistoria ved å høyre inspirerande foredrag om Josva, Rut og Kong David, desse personane i gamle testamentet som fekk så store oppgåver av Gud.

- Nils Sørbo, prest og misjonær, fortel om Josva - 23. sept.
- Annie Andersen, diakon, fortel om Rut - 21. oktober.
- Per Torgeir Eden Nilsen, lege, og leiar i Søfteland bedehus, fortel om Kong David - 18. november.

Tid: Samlingane startar: kl 19:30-21:00. Stad: Eldstova i Tunet. Gratis inngang. Hjarteleg velkommen! Os kyrkjelyd

## Musikk og tekst i medgang og motgang

I Nore Neset kyrkje søndag 14. november kl 19:30.

Pianist og songar: Turid Bakke Braut / Prest: Ivar Braut / Klaversolo, refleksjon, sang og dikt.

Støtt våre annonsører

**NMS GJENBRUK OS****MILJØ, MØTEPLASS & MISJON**

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.

**Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!**Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis  
Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPLASS MISJON

Følg oss på Facebook  
"NMS Gjenbruk Os"

**DRANGE BRUK AS**
Høvel- og skurdlast  
Panel - lister - golv  
Trykkimpregnerte materialar**ALT TIL GUNSTIGE PRISAR**TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
5215 LYSEKLOSTER**GRAVMINNER**
**Løvaas  
Naturstein**
Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)**TRAVELNET**REISEGARANTI  
RGF  
FONDET**OS REISEBYRÅ AS** Boks 274, 5203 Os

Tlf. 56304300

e-post: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no) | [www.verden.no](http://www.verden.no)**Elektro-Design AS**

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?  
Ta kontakt med Geir Skarding:**Mob. 91129784**Strønevegen 49, 5217 Hagavik, [elek-3@online.no](mailto:elek-3@online.no)

DRENERING • MURING • SPRENGING



Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307  
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

**GRAVMINNER**Stor salgsutstilling av  
nye monumenter  
Tilføyelser / OppussingEIKNER  
100Å  
2008**STEINRIKET**  
EIKNER NATURSTEIN  
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN  
TLF. 55 98 70 00**Os Gravferdsbyrå as****Døgntelefon  
56 57 49 50**Jorunn Moberg  
Agnethe ØvreideVi utfører alt det praktiske, eller legg til rette  
for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølve.  
Ope etter avtale. Brugata 50, Os.**[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)**





Daniel Røksund  
938 26 432



Alexander Olsen  
473 80 260

# Vi kjenner Os

---

Tenker du på å selge? Med vår unike lokalkunnskap og lange erfaring kan vi love deg et effektivt, trygt og forutsigbart boligsalg. Velkommen innom kontoret vårt i Os sentrum for en hyggelig boligprat.



Kom innom vårt kontor i Os sentrum



Ring oss  
915 05560



Kontakt oss på  
[emvest.no](mailto:emvest.no)

Kom innom  
kontoret vårt  
i Os sentrum.



EiendomsmeglerVest



## DØYPTE

### 18. april

Nora Dyngeland-Hjelle  
Sigrid Flatebø Jensen  
Torkel Hjertholm Johannessen

### 25. april

May Blakarstugun  
Tuva Lepsoy Brimsholm  
Mathilde Valle Monsen  
Aksel Valle Monsen  
Amanda Rosvold

### 9. mai

Live Øvreeide Bø  
Jacob Frotvedt-Bøckmann

### 13. mai

Eveline Broen-Bakken  
Theodor Lyssand Olsen

### 16. mai

Lillian Einen Aass  
Angelina Dysvik  
Maria Lou Sundberg

### 23. mai

Oskar Kolskogen Aasen  
Theo Gangstø Fonnes

### 24. mai

Albert Andreas Hagevik  
Even Sagerup Solberg  
Jens Aasen Veland

### 30. mai

Niklas Hjertaas  
Nora Tysnes Kvamme  
Selma Olsen Kvittingen

### 6. juni

Håkon Engevik  
Storm Kjellevold Frotveit  
Sophia Stange Halhjem  
Eleah Frotveit Hallem

### 13. juni

Michelle Grimen Andersen  
Kristoffer Skålevik Bjorøy

### 20. juni

Nora Bjoland Hefte  
Oline Berge Johannessen  
Emily Steend-Bogevik

### 27. juni

Enock Aakre Fukela  
Aron Nordstrønen Helle  
Adelén Myklevold-Moberg  
Julia Skår

### 4. juli

Elena Lovise Kolden Brekke  
Levi Bergesen Cid  
Emil Bøthun Nybø

Liam Nicolai Kleppe Rosendahl

### 11. juli

Oda Sophie Birkeli  
Mathias Blom Reite

### 1. august

Mathea Killingrød Nilsen  
Samara Kopperud

### 8. august

Matheo Lothe Erikson  
Oscar Thomas Skotheim  
Sander Knoff Svendsen  
Johannes Unneland Vold

### 15. august

Sheila Belenadeta  
Marta Hjelle Hopland  
Mathilde Bukkøy Johannessen

### 22. august

Sebastian Aasen  
Milla Døsen-Bødtker  
Storm Nordvik Hammerstad  
Henrik Bjoarvik Hornum  
Alexander Morken Margetts  
Alba Smedsvik-Ølness

## VIGDE

### Os kyrkje 17. april

Nadia Jacob & Øystein Skaathun  
Ivarsen

### Os kyrkje 24. april

Vilde Maria Sørås & Martin Borgen

### Os kyrkje 15. mai

Anette Solberg Jensen & Andreas  
Pettersen

### Os kyrkje 22. mai

Marte Bolstad & Ivar Nilsen

### Os kyrkje 29. mai

Kikki Svensen & Ørjan Nilsen

### Os kyrkje 26. juni

Helene Føreland Berg & Ole Petter  
Hillesøy Berg

### Os kyrkje 3. juli

Tiril Thomassen Grønvingh & Thomas  
Hagen Rotnes

### Os kyrkje 17. juli

Solveig Kvalheim Henriksen & James  
Richard Louis Myhre

### Os kyrkje 31. juli

Mariann Herheim  
& Inge Nøstdal

Christine Lovise Solberg  
& Asgeir Øen Åsnes

### Os kyrkje 14. august

Ida Elisabeth Stevenson  
& Ole Magnus Sjøstad

### Os kyrkje 21. august

Christel Nåmdal  
& Trond Are Stensås

## DØDE

### Joachim Martin Fauske

f. 21.02.1933 - d. 12.04.2021

### Evy Tveit

f. 30.11.1942 - d. 13.04.2021

### Jonny Sperrevik

f. 14.09.1956 - d. 15.04.2021

### Laura Hope Samnøy

f. 17.04.1924 - d. 16.04.2021

### Åslaug Hagevik

f. 30.01.1921 - d. 17.04.2021

### Berit Anny Bøthun

f. 22.10.1938 - d. 19.04.2021

### Alf Herman Sundøy

f. 08.05.1923 - d. 22.04.2021

### Herborg Målfrid Olsen

f. 11.10.1934 - d. 23.04.2021

### Anny Haugland

f. 11.06.1924 - d. 27.04.2021

### Terje Knudsen

f. 01.04.1944 - d. 30.04.2021

### Marit Bøe

f. 10.05.1931 - d. 03.05.2021

### Bjørn Nikolai Helgesen

f. 20.12.1930 - d. 04.05.2021

### Brigt-Johan Birkeland

f. 14.01.1948 - d. 05.05.2021

### Jorunn Hansen

f. 08.10.1940 - d. 09.05.2021

### Johanna Dahle

f. 14.03.1932 - d. 10.05.2021

### Esther Torunn Johanson

f. 25.09.1939 - d. 17.05.2021

### Arvid Egil Johannessen

f. 03.08.1956 - d. 22.05.2021

### Jon Ottar Hope

f. 31.08.1945 - d. 23.05.2021

### Eldbjørg Hovland

f. 02.06.1927 - d. 25.05.2021

### Reidar Skeie

f. 09.04.1940 - d. 25.05.2021

### Tore Røen

f. 18.05.1963 - d. 03.06.2021

### Annlaug Hove

f. 18.08.1926 - d. 05.06.2021

### Tore Sigurd Wick

f. 18.07.1953 - d. 16.06.2021

### Arvid Steinar Smedvik

f. 06.09.1934 - d. 19.06.2021

### Ragnar Storum

f. 04.02.2020 - d. 26.06.2021

### Olga Birgita Breivik Skeie

f. 05.07.1933 - d. 27.06.2021

### Einar Haukeland

f. 05.09.1940 - d. 04.07.2021

### Jorunn Røttingen

f. 19.03.1925 - d. 08.07.2021

### Magne Heggland

f. 15.07.1934 - d. 09.07.2021

### Kjell Lundgren

f. 28.03.1938 - d. 09.07.2021

### Ågot Tysseland

f. 08.10.1927 - d. 14.07.2021

### Joachim Kopperud Mjølkeråen

f. 04.03.1998 - d. 20.07.2021

### Vigdis Birgitte Harkmark Vaksdal

f. 30.08.1958 - d. 20.07.2021

### Tilla Monsen

f. 08.06.1925 - d. 22.07.2021

### Frithjof Edward Engelsen

f. 23.10.1947 - d. 25.07.2021

### Kåre Vassenden

f. 06.05.1934 - d. 30.07.2021

### Aslaug Lund

f. 16.11.1932 - d. 03.08.2021

### Leif Erik Fjellvang

f. 24.12.1940 - d. 10.08.2021





# Planlagte gudstenester i Os kyrkjelyd

Os kyrkje	Nore Neset kyrkje
<b>12.09.21</b> kl. 11.15: Presentasjon av konfirmantar	<b>19.09.21</b> kl. 11.00: Presentasjon av konfirmantar
<b>12.09.21</b> kl. 19.00: Forbøns-gudsteneste.	<b>03.10.21</b> kl. 11.00: Presentasjon av konfirmantar
<b>19.09.21</b> kl. 11.00: Presentasjon av konfirmantar	<b>17.10.21</b> kl. 11.00: Utdeling av 4-årsbok. Hausttakkefest.
<b>26.09.21</b> kl. 11.00: Søndagsskulens dag. Utdeling av 4-årsbok	<b>31.10.21</b> kl. 11.00: Minnegudsteneste
<b>03.10.21</b> kl. 11.15: Gudsteneste.	<b>14.11.21</b> kl. 11.00: Gudsteneste.
<b>10.10.21</b> kl. 11.00: Gudsteneste	<b>28.11.21</b> kl. 11.00: Lys vaken.
<b>17.10.21</b> kl. 11.00: Gudsteneste.	
<b>24.10.21</b> kl. 11.00: Kongshaugdag.	
<b>31.10.21</b> kl. 11.00: Gudsteneste.	
<b>07.11.21</b> kl. 11.15: Gudsteneste	
<b>07.11.21</b> kl. 19.00: Minnegudsteneste.	
<b>14.11.21</b> kl. 11.15: Lys vaken.	
<b>21.11.21</b> kl. 11.00: Gudsteneste.	
<b>28.11.21</b> kl. 11.00: Gudsteneste.	

*Gudstenestene med presentasjon av konfirmantar er berre for konfirmantar med føresette så lenge vi må følge 1 meters regelen i kyrkjene.*

## Søfteland Bedehus

**12.09.21** kl. 11.00: Presentasjon av konfirmantar.

*Med atterhold ut frå smittevernstillhøve.*

**For oppdaterte opplysningar sjå**

[www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os)

## OS Kyrkjelyd

### TILSETTE:

#### SOKNEPREST:

Roar Hallesby Evjedal, re674@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

#### PROSTIPREST

Svante Havåg, sh226@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 07, mob: 922 47 639

#### KAPELLAN

Anette-Emilie Gangstø, at826@kirken.no  
tlf. 56 57 24 05, mob: 45 28 02 78

#### KYRKJEVERJE:

Kristine Fjeld, kf253@kyrkja.no,  
tlf. 56 57 24 03, mob: 414 26 859

#### DAGLEG LEIAR:

Linda Ekerhovd, le663@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 20.

#### KONSULENTAR:

Elin Oldervoll Moberg,  
tlf. 56 57 24 02, em244@kyrkja.no  
Monica Refsdahl  
tlf. 56 57 24 13, mr346@kyrkja.no

#### UNGDOMSARBEIDAR:

Ivar Stensland, is729@kyrkja.no, tlf 56 57 24  
17/mob. 924 64 952

#### KATEKET:

Gro Helen B. Skjælaaen, gs234@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

#### DIAKON:

Ingrid Vik, iv588@kyrkja.no,  
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

#### KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, ah292@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 11  
Anton Proskurnin, ap244@kyrkja.no  
mob.: 482 32 977

#### FRIVILLIGKOORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ih985@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 04

#### BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Sylvi Lundgren, sl828@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 14, mob: 97615652

#### KYRKJELYDSARBEIDAR:

Hege Varhaug-Lekven, hv229@kyrkja.no  
tlf. 56 57 24 09

#### DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG GRAVPLASSAR:

Driftsleiar Kenneth Molland (mob: 917 49  
190), Marianne Tveit, Øyvind Dreyer, Agnar  
Midtsæter, Linn Kjerstin Østgulen, Terje Rød og  
Lars Joar Hilleren.

## Oversikt over kva vi har fått inn i offer sidan 28.01.2021:

Dato	Takkoffer til	Beløp
07.03.2021	Misjonsprosjektet	3 103,-
14.03.2021	Tunet	6 622,-
18.04.2021	IKO, Kirkelig pedagogisk senter	395,-
25.04.2021	Bibelskolen i Grimstad	797,-
02.05.2021	Konfirmantarbeidet i Os kyrkjelyd	1 137,-
08.05.2021	Konfirmantarbeidet i Os kyrkjelyd	1 182,-
09.05.2021	Konfirmantarbeidet i Os kyrkjelyd	3 451,-
13.05.2021	Det Norske Misjonsselskap	3 495,-
17.05.2021	Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet	647,-
23.05.2021	Tunet	4 482,-
24.05.2021	Eigen kyrkjelyd	7 092,-
30.05.2021	Misjonsprosjektet	2 813,-
06.06.2021	Kirkens Bymisjon, Bergen	2 316,-
13.06.2021	Os KFUK/M-Speidarane	5 512,-
20.06.2021	Tunet	3 307,-
04.07.2021	Tunet	3 503,-
11.07.2021	Misjonsprosjektet	2 274,-
18.07.2021	Blå Kors i Norge	1 525,-
01.08.2021	Eigen kyrkjelyd	3 437,-
08.08.2021	Tunet	1 697,-
15.08.2021	Den Norske Israelmisjon	4 129,-

Avs:

Os kyrkjelyd

Postboks 209

5202 Os



# BARNAS SIDE

## Finn namn på 10 fiskeslag!

I rutenettet har vi gøymt namna på 10 vanlege norske fiskeslag. Namna står frå venstre mot høgre eller nedover. Finn du alle?

K	Å	H	O	I	G	A	N	D	U
O	Q	Y	K	V	E	I	T	E	M
W	E	S	S	L	I	N	G	O	S
S	T	E	I	N	B	I	T	A	K
E	A	R	L	Y	D	A	O	T	A
I	S	O	D	P	Ø	R	R	E	T
D	S	R	U	L	P	A	S	T	E
I	M	A	K	Y	L	A	K	S	I
P	I	R	O	S	Å	F	F	U	S
M	A	K	R	E	L	L	U	S	K
O	S	T	H	O	S	T	E	R	Ø

## Finn fem feil

De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Chiara Bertelli)



## Fargelegg!

Broren til Marta og Maria var død. Men Jesus vekka Lasarus opp frå dei døde. (Teikning: Chiara Bertelli)



Gje barnebladet  
BARNAS til eit  
barn du er glad i!

Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00.

